

Hardanger Ungdomsting 9.3.2020 i Øystese

Frammøtte: Alle ungdomsråda i Hardanger, Voss og Samnanger, Ordførarane, Helsejukepleiarar/Skulehelsetenesta, BUP Voss, Juniorforskarprosjektet , Kvam Familie og Læringssenter og Utekontakten.



1



Foto: Eivind L. Djønne

Innlegg ved Stian Opedal, Leiar i Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering, Vestland fylkeskommune

Vedlegg: Presentasjonen

Viktig at ungdom krev sin rett til å verta høyrt. Få kommunestyrrene til å ta ungdom på alvor.

Kvifor skal unge driva med politisk arbeid:

1. For å få fram saker som er viktige for born og unge i framtida. Eksempel:
 - Fleire helsejukepleiarar
 - At det digitale skal fungera
 - Fritidstilbud
 - Pris på kollektiv
2. Politikk er prioriteringar. Då me ein vera på for å få dei til å arbeida også for ungdom sine viktige saker.
3. Det er lov å vera radikal - de kan opna for at ein ser problem og utfordringar betre.
4. Rådmenn har plikt til også å informera ungdom, men de må også fylgja med og bry dykk

Innlegg ved Anna Mo Bjørklund, Leiar Kvam Familie og Læringsenter.

Vedlegg: Presentasjonen



Foto: Eivind L. Djønne

Innlegg ved Helsejukepleiar Elisabet Børesen, Kvam herad

Innlegg ved Statssekretæren Grunde Kreken Almeland, Kunnskapsdepartementet

Utfordringar med psykisk helse i skulen kan vera:

- For lite ballast med inn i vgs
- Elevane får ikkje det dei treng for å vera studieførebu
- Dei på yrkesfag føler at dei ikkje får god nok fagoplæring
- Elevane si psykiske helse er meir og meir eit problem

I fagfornyinga vert det innført 3 nye tverrfaglege tema er i skulen:

1. Demokrati og medborgarskap
2. Berekraftig utvikling
3. Folkehelse og livsmeistring

Regjeringa sin strategi er at psykisk helse skal vera likeverdig del av folkehelsearbeidet

Eit godt eksempel Kvam Familie og Læringsenter er korleis samhandle mellom ulike tenester.



Foto: Eivind L. Djønne

Spm frå Grunde: KVA KAN SKULEN GJERA ?

Svar får ungdomane:

- Snakka meir om ulike utfordringar
- LYTTA til elevane
- Viktig at ALLE lærarane KAN svara elevane på ulike spørsmål. Dei må ha kunnskap om mykje forskjellig.
- Helsepersonell må vera tettare på skulen, også i læring
- "Innhaldet" er for "GAMMALT", elevane skal læra mykje dei ikkje treng.
- ELEV MEDVERKNAD er viktig. Kan elev/lærar få til meir ilag. Eks. på god medverknad: ein lærar i rettslære når det er mykje som skal gjerast så spør me læreren om korleis dei skal løysa oppgåva. Om dei skal ha gruppearbeid, studera kvar for seg - etc etc.
- Vera opptekne og bevisste på at folk er forskjellige
- Lærar må INVOLVERA elevane og høyra på elevane og brukta tilbakemelding frå elevane aktivt.
- MINDRE klassar. Færre elevar vil gjera kvar elev meir synleg. 35 personar i ein klasse er FOR MANGE
- Timane må ha variasjon. Folk lærer på ulikt vis, nokon er praktiske, andre sosiale og andre teoretikarar.
- Viktig at lærarane SNAKKAR SAMAN, slik at arbeidsmengden og byrden vert fordelt utover vekene og dagane, ikkje alt på ein gong.
- Meir opplæring på livsmeistring



Foto: Eivind L. Djønne

OPPSUMMERING FRÅ GRUPPEARBEIDET.

Gruppe1: psykisk helse tilbod

Kva tenke me om orda depresjon og angst?

Det er synlig, men andre ser det ikkje. Det er tabubelagt fortsatt, sjølv om ein snakkar om det.

Nokon tenkte på BUP og at støtteapparat er viktig.

Handlar om tankar om seg sjølv.

Kan me få hjelp?

Helse, lege osv., MEN det er skummelt å ta kontakt, og det hadde vore godt å ta kontakt med ein venn først.

Korleis kan ein forbetra helsetilbodet?

Meir synleg tilstades

Kunnskap om helse og helsetilbod gjennom heile skulen, frå 1.klasse.

Plakatar om informasjon. Temadagar .

Mange idear. DET MÅ NORMALISERAST!

Gruppe2: kollektivtilbod

Alle enige om at tilbodet er for därleg.

Korleis få tilbodet bedre? Tidspunkt for tilbod bør endrast, og oftare på ettermiddag.

Alle er fornøgde med prisane, men i Lichtenstein er dette gratis for alle: det burde me få til også i Norge!

Men me ser at då kjem spm om kven det skal vera gratis. Korleis skal busselskapa finna ut av det?



Foto: Eivind L. Djønne

Gruppe3: digitalisering i skulen

Der er det veldig mykje rart.

Mange føler dei får for lite digitalisering, men nokon syns det er formykje digitalisering det kan f.eks gå utover handskrifa.

Den digitale kompetansen til lærarane er ikkje alltid like bra. Eldre lærarar har manglande kunnskap uansett. Kan elevane få hjelpe til?

Det er store forskjellar på kommunane om digitale verktøy for elevane og på skulane.




Foto: Eivind L. Djønne

Gruppe4: mobbing

Føregår alle stader der menneske er.

Nettmobbing er den vanskelegaste å ta tak i.

Mobbing påverkar negativt for alle involverte. Mobbarar har ofte noko dei treng hjelp for også, ofte treng dei å vera synlege.

Offer kan få store helseproblem og därleg psykisk helse.

Mange har lyst å vera modig for offer, men utset seg då for å bli neste offer ved å varsla.

Skulane BØR førebyggja mobbing. **Må gjera det naturleg å snakka om følelsar!** Visa at det er lov å snakka, og laga ein låg terskel for dette.

Helsesjukepleiar må inn i klassane for sei kor låg terskel det er.

Oppfølging MÅ finna stad - dette må lærarane og skulane ta tak i.

Gruppe5: spørsmål til “Spørjetimen”

“ SPØRJETIMEN ”



Foto: Eivind L. Djønne

Spm 1 til ordførarane: Kva kan du gjera for å inkludera ungdomsrådet i din kommune?

Kvam: Gje ungdomane møte og talerett i heradsstyret. Faste møter med

Odda: Ungdom som markerar seg, vil politikarane lytta til dei er begeistra for ungdom som vil noko
faste møter er ein fordel for ordførarane. positivt at det vert fast.

Ønsker ein dialog med ungdomsråd om korleis dei vil ha det.

Voss: Initiativ frå ungdomsrådet var at ordførarane sit i ungdomsrådet. Han er valgt inn. Dei orienterer kvarandre

Ulvik: Ordførar pleide å vera med fast. Ynskjer at ungdomsrådet inviterar ordførar inn når dei ynskjer.

Spm 2 til ungdommens fylkesutvalg: Korleis arbeider de med betre kollektivtransport?

Har møte med Skyss om Ungdomskortet, samanslåing med kringom.

Spm 3 til helsejukepleiarare: Korleis kan du vere synleg for ungdom?

Synleg i uterom, vil gjerne ha innspel på korleis dei kan vera meir synlege.

Spm 4 til BUP: Kva er det og kva jobber de med ?

Arbeider med born og familien deira 0-18 år.

F.eks som har utfordringar nevrologisk med adhd m.fl dvs utgreiing;

psykiske vanskar: angst, depresjon, spiseforstyrrelsar

Spm 5 til ordførarane : Skulefrukost. Korleis er det med det i dykkar kommune?

Kvam: Ikkje fast. Forsøksordning i Strandebarm Men dei arbeider for det. Det er vanvittig at me er eit av få land i europa uten skulemat? Kven er det som ikkje føl me, bråkar etc det heng saman med maten

Odda: Ikkje fast ordning i Odda heller. Det er på dagsordenen og dei vil utgreia kostnad og mulighet for å få dette til.

Kostnaden må delast med staten, eller går det for mykje utover budsjettet.

Voss: Sosial utjevnning og gje alle mat, men det kostar for mykje.

Ulvik: Har hatt det, og arbeider for å få dette inn igjen.

Spm 6 til UF: Kva jobbe det med i ungdommens fylkesting?

Mest fokus på vgs. men andre ting også.

Spm 7 til helsesjukepleiarane: Er det mange nok i helsetenesta i Kvam?

Nei me er ikkje mange nok, og dette heng saman med kor synlege me kan vera.

Me rekk ikkje over å få kartlagt alle, sånn er det.

Det viser også kor viktig det er å undervisa meir, og gjerne i barneskulen. Men dette tek tid.

Spm 8 til BUP: Kor lang er gjennomsnittleg ventetid for å koma til hjå BUP

Frå ein vert henvist frå fastlege, så skal få tilbud innan 10 dagar, og første time innan 4-6 veker.

Når ein er inne i systemet får ein eit pakkeforløp, og utredning skal vera gjennomført innan 6 veker.

Spm 9 til ordføraren: Veit de korleis ungdom har det i kommunen din?

Kvam: Veit sjølv sagt ikkje det, men har god kontakt med ungdom og trur det er bra. **Ynskjer at endå fleire ungdommar engasjera seg**

Odda: Meiner også at ein kjenner dei godt. Men kva veit ein. **Oppfordrar ungdom til å vera pågåande og utfordra og hevda dykkar rett. Vaksne krev mykje av tida til ordføraren. Viktig å pusta politikarane i nakken på viktige saker.** Veldig givande å arbeida med ungdom, dei kan mykje.

Voss: Arbeidde som lærar før, men har ikkje oversikt no sjølv sagt. Enig med at ungdom for sjeldan tek kontakt med ordføraren. **Det er noko de kan ta tak i, kontakt oss og fortel.** Psykisk helse er kjempeviktig, og det er viktig at de fortel oss vaksne kor viktig det er.

Ulvik: Ungdom er like forskjellige som andre. **Ta kontakt med ordføraren i dykkar kommune om viktige saker, og så kan me hjelpe kvarandre**



Foto: Eivind L. Djønne

Spm 10 til VU: Vestland ungdomsråd: Kva kan de hjelpa med?

Kan hjelpa med skriving, skriva uttalar, generelt hjelpa og vera rådgjevar for alle ungdomsråda.

Skal i løpet av året ta kontakt med alle ungdomsråda i Vestland.

Spm 11 til BUP: Arbeider de med problematikk som overgrep?

Ja det gjer dei, ungdom er velkommen til å koma å prata med oss om alt.

Spm 12 til helsejukepleiarane: Kva viktig arbeid gjer helsejukearb, som dei ikkje burde bruka tida si på?

Sekretær og merkantilt arbeid tar veldig mykje tid. Skulle hatt ein sekretær.

Vi gjer veldig mykje godt arbeid, men treng fleire folk. Til forskjell frå mykje utdanning til helsesektoren, **vert me utdanna til mykje førebyggande arbeid.**

Spørjeundersøkjing

Hardanger Ungdomsråd arbeider med ein spørjeundersøkjing som skal gjennomførast i heile Hardanger og Voss blandt ungdom i alderen 13-18 år.

Gjennomgang av spørsmåla, som også skal tilpassast kvar kommune. Resultatet av undersøkjinga skal me arbeida med, og målet er å få og formidla kunnskap for å gjera regionen vår betre for born og unge å leva i.



Foto: Eivind L. Djønne